

Eit gammalt hus - då og no

02.04.2014



Røysterett for alle og Maria har vorte eit sams omgrep!

Grundtvigs KYRKJA DEN ER EIT GAMALT HUS vil vera ei sentral salme under jubileumskonserten sundag kveld. Ho er fellessong til slutt med gjestekantor Håvard Skaadel ved orgelet. Også under opninga for 100 år sidan vart ho sunge og truleg sto heile kyrkjelyden den gongen som den også skal gjera no. Ellers vert dette eit nytt høgdepunkt i eit mektig jubileum. No føreligg programmet i detalj og det startar klokka 19.



Foto Hans Ordin Østebø

Det heile opnar med Vitae Lux av Frode Alnæs spela av bygdas eigen eminente trompetist Vegard Døssland og kantor Eva Megyesi på orgel.

Ho har ein sentral rolle gjennom heile konserten, men mest på piano, til dømes som akkompagnatør for Maria Malmsten som har ein soloavdeling med svenske songar. Men den dyktige kantoren skal også spela både Bach og Liszt.

Uskedal Musikklag har 2 avdelingar med tilsaman 6 nummer, ikkje lite imponerende av det tradisjonsrike korpset som har hatt både opp- og nedturar. 2 avdelingar har og naturleg nok Røysterrett for alle, som sjeldan har sunge betre enn i det siste. Koret viser no igjen kor allsidig det er .

Gjestearartist Skaadel er også allsidig - frå huldreslåttar frå Granvin til Kling no klokka i variasjonar. Han skal også spela eit festpreludium som Oscar Borg laga i 2013 og det passar sikkert like godt idag som den gongen.

Kyrkjelyden skal sjølv sagt også bidra, i størst grad med dømme frå den nye salmeboka, og vi må heller ikkje gløyma den lokale songgruppa på 5 som er danna i høve jubileet. Det vert fint å høyra Den prektigkledde sommerfugl att!

For ikkje å snakka om Vegard med Eg veit i himmerik ei borg!

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen